Gjesteelevtale mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune inngår slik avtale om søkarar frå Hornindal kommune for skuleåret 2019-2020:

1. Søkjarar frå Hornindal kommune med ungdomsrett i Sogn og Fjordane kan, skuleåret 2019-2020, søkje plass ved skulane i Møre og Romsdal. Søkjarane vert prioriterte gjesteelevar og får ungdomsrett i Møre og Romsdal. Som prioritert gjesteelev konkurrerer søkjarar på linje med søkjarar frå Møre og Romsdal.

2. Avtalen gjeld inntak etter §3-1 i Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). Retten til opplæring etter den nemnde paragrafen ligg hjå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

3. Søkjarane frå Hornindal kommune og Vanylven kommune som søkjer på grunnlag av denne avtalen skal søkje om skuleplass via Sogn og Fjordane fylkeskommune sin Vigo. Sogn og Fjordane fylkeskommune gir melding om inntak/venting.

4. Sogn og Fjordane fylkeskommune kunngjer tilbod og søknadsfristar på vilbli.no

5. For å dekke behovet for faglært arbeidskraft i grenseområda mellom dei to fylka skal ein samarbeide om å fremje søking til yrkesfaga.

6. Sogn og Fjordane fylkeskommune refunderer Møre og Romsdal fylkeskommune for søkjarar som har fått inntak i Møre og Romsdal. Refusjonen blir betalt med ein del om hausten og ein del om våren, etter nærare avtalte fristar. KS sine satsar skal vere grunnlag for refusjonen.

7. Sogn og Fjordane fylkeskommune refunderer Møre og Romsdal fylkeskommune utgifter til spesialundervisning for elevane avtalen omfattar. Fylkeskommunane tek i kravet utgangspunkt i den sakkunnige vurderinga utarbeidd etter at eleven er starta i vidaregåande opplæring. Satsane for spesialundervisning er 790 kr. for pedagogtimar og 395 kr. for assistenttimar. Refusjonen blir betalt med ein del om hausten og ein del om våren, etter nærare avtalte fristar. Sakkunnig vurdering, enkeltvedtak og IOP skal ligge ved refusjonskravet.

8. Møre og Romsdal leverer PP-tenester og fattar enkeltvedtak for gjesteelevar som skal ha spesialundervisning. Utgifter til PP-tenester blir fakturert frå dei enkelte PP-kontora. Om Sogn og Fjordane ønskjer å fatte enkeltvedtak og bruke eigne PP-tenester må dette avklarast i dei sakene det gjeld.

9. Sogn og Fjordane dekker utgifter til skuleskyss for elevane som vert tekne inn etter denne avtalen.